


# ÅRSMELDING 2016



**FJELLVAR**  
VATN AVLØP RENOVASJON



## INNHALD



Steinsfjellet høgdebasseng ved turvegen mellom Foldnes og Hjelteryggen.



Ny Wastemaster 5CX på gjenbruksstasjonen på Straume, dagleg i bruk for komprimering av avfall og flytting av containere.



Legging av nye vatn- og avløpsleidningar Gangstøgarden for sanering av gamle anlegg og tilknytning av nytt bustadfelt på Gangstøgarden.

Dagleg leiar .....	5
Utbyggingsprosjekt .....	6
Målområde .....	15
Samfunnskontakt .....	21
Vassforsyning .....	23
Avløp .....	24
Renovasjon .....	27
Styrets rapport .....	30
Resultatrekneskap .....	35
Balanse .....	36
Kontantstrømoppstilling .....	38
Notar .....	39
Revisors beretning .....	51

Foto: Rune Sætre / FjellVAR  
 Design og trykk: Bodoni  
 Trykt på resirkulert papir





## DAGLEG LEIAR HAR ORDET



### Renovasjon

FjellVAR inngjekk ny kontrakt med RenoNorden om innsamling av avfall i kommunen. Nytt mannskap skulle bli kjent i området, og vi skal ikkje leggje skjul på at det blei problem i starten. Etter nokre veker roa det heile seg, og det har vore få klager på innsamlinga i haust. Fjellsokningane har lenge vore flinke til å sortere avfall. Tekstilar er ein av dei fraksjonane som gir høgast CO<sub>2</sub>-utslepp. I 2016 inngjekk FjellVAR eit samarbeid med Fretex, slik at det er mogeleg å levere tekstilar til både sal og ombruk. Så langt har dette vist seg å vere ei vellukka ordning. Samarbeidet med Basecamp om levering av sykklar er også eit døme på ombruk som kan ha positiv innverknad på lokalmiljøet. Selskapet har i lang tid hatt fokus på kva effekt verksemda vår har på klimaet, og vi har for første gong fått eit negativt klimareultat innan renovasjon. Det er eit godt utgangspunkt for å møte dei utfordringane vi står overfor med omsyn til å nå dei politiske miljømåla fram mot 2030.

### Vatn

Over 22 000 innbyggjarar i kommunen er no tilkopla offentleg vatn. I 2016 blei det lagt nye vassleidningar mellom anna til Kallestadvika, Misje, Turøyna, Geitanger og Søre Bjørøyna. Nye leidningar til Trengereid og Kallestad er prosjekterte, og arbeidet vil starte opp så snart byggjeløyve ligg føre. I 2016 blei energiforbruket ytterlegare redusert og er no på nivå med 2003.

### Avløp

I slutten av 2016 starta vi opp med å lage veg inn til nytt avløpsreinseanlegg på Storanipa (Våge). Dette var ein stor milepåle - endeleg er vi i gang! Arbeida med fjellhallen vil starte opp hausten 2017, og først i 2020 vil anlegget bli teke i bruk. Totalt er det budsjettet med 500 millionar kroner til nytt avløpsreinse-

anlegg (inkl. avløpsleidningar), og dette prosjektet vil krevje mykje av administrasjonen dei neste tre åra. Også nytt avløpsreinseanlegg på Krekjebærneset (Ågotnes) skal byggjast i same periode, og det har ei investeringsramme på kring 60 millionar kroner.

### Tilsette/eigar

Eg vil takke alle tilsette i FjellVAR som har bidrege til den gode utviklinga selskapet har hatt i 2016. Anten det er små eller store skritt framover, har summen av forbetringane gjort at det ikkje har vore behov for å auke gebyra i 2016. Som dagleg leiar må eg understreke kor viktig det er å ha eit godt samarbeid mellom selskapet, politikarane og administrasjonen i kommunen. Dette gode samarbeidet smittar over på dei tilsette i selskapet og bidreg til at vi kan dra lasset saman.



*Bjarne Ulvestad*  
Bjarne Ulvestad  
DAGLEG LEIAR



## UTBYGGINGSPROSJEKT

Kommunestyret vedtok i møte den 01.09.11 ny kommunedelplan for vatn og avløp i Fjell kommune for perioden 2011 - 2022.

Ein viktig del av denne planen er eit ambisiøst handlingsprogram for vidare utbygging av infrastruktur innan vatn og avløp.

Heile programmet omfattar investeringar for 905 millionar kroner, og svært mykje av dette er føresett gjennomført i løpet av dei kommande åra.

Vidare blei det i kommunestyret den 28.11.13 gjort vedtak om at det nye hovudavløps-reinseanlegget skal liggje i fjell (alt. F2B).

## Prosjekt som er bygde og tekne i bruk

### VASSLEIDNING TIL EIDE (BESTILT AV KOMMUNESTYRET)

I samband med etableringa av ny vassleidning til Eide blei det gjeve eit tilskott på 402.000 kroner (ekskl. mva). Arbeidet er fullført.

### PROSJEKT 1: HAGGARDVATN

Tilrettelegging for å kunne ta i bruk Haggardvatn som krisevatn. Utført.

### PROSJEKT 5: BILDEBAKKEN VBA

Prosjektet er ferdig.

### PROSJEKT 7: AVLØPSREINSEANLEGG VEST, MØVIK RA

Prosjektet omfattar nytt avløpsreinseanlegg for området Fjell - Ulveset - Møvik - Skålvik, med plasse-ring ved kaien i Møvik. Prosjektet er fullført.

### PROSJEKT 11: VINDENES - SKÅRANE

I samband med etablering av fortau frå hovudvegen til Skårane/Vindenes blei det også lagt ned vass-leidningar. Prosjektet er fullført.

### PROSJEKT 12: SYLTØY, LOKØY OG FLOGØY

Prosjektet omfattar nye vassleidningar frå Møvik til Syltøy, Lokøy og Flogøy. Prosjektet omfattar òg utsleppsleidning frå Møvik. Arbeidet er fullført.

### PROSJEKT 13: VINDENES GARD

Prosjektet er fullført.

### PROSJEKT 14: EKREN - NESE

Prosjektet blei fullført og teke i bruk i 2012.

### PROSJEKT 15: MORLANDSTØ - ÅTTRINGEN - STRAUME

Sjøleidningen til Bildøyna og Åttringen er fullført. Ny pumpestasjon ved Åttringen blei teken i bruk sommaren 2016.

### PROSJEKT 16: APALVÅGEN - SKÅLEVIK SKULE


Ny pumpestasjon i Apalvågen og ny leidning til skulen. Avløpet blir då ført vidare til nytt reinse-anlegg på Møvik. Fullført.

### PROSJEKT 17: BILDØYBAKKEN

Leidningane til høgdebassenget er for små og må skiftast ut. Fullført.

### PROSJEKT 18: SAMANKOPLING VED ÅGOTNES

Arbeidet er fullført og blei teke i bruk august 2013. Saman med ny vassleidning i Fjæreidepollen har dette auka vassforsyningskapasiteten monaleg i nordre del av Fjell kommune.





Høg aktivitet på Våge i samband med det nye reinseanlegget i fjellet på Storanipa.

**PROSJEKT 20: HØGDEBASSENG PÅ BJØRØYNA**  
Fullført sommaren 2015.

**PROSJEKT 21: FJÆREIDEPOLLEN**  
Prosjektet er fullført.

**PROSJEKT 22: AVLØPSSANERING OG KAPAISTETSAUKE STRAUMEOMRÅDET**

Ny avløpsledning frå Sartor-området, tunnel til sjøfronten og vidare til Foldnes. I tillegg er pumpe-stasjonen på Straume oppgradert med nye pumper. Det blir utført opprydding av avløpssituasjonen på Straumfjellet, og avløpsvatnet skal førast ned til ny pumpe-stasjon i Arefjord. Ny avløpsledning blir lagt frå Arefjord til Storskaret i samarbeid med Statens vegvesen. Det blir utført arbeid i samband med ny veg Arefjord - Storskaret. Det er også lagt ned ny vassledning i tunnelen mellom Sjøfronten og via sjakt og opptil Foldnesvegen. Fullført.

**PROSJEKT 23: AVLØPSSANERING PÅ KOLLTVEIT**  
Deler av arbeidet er fullført, blir delt inn i etapper.

**PROSJEKT 27: KOLLTVEIT - NORDRE BILDØYNA - FOLDNES**  
Arbeidet er fullført.

**PROSJEKT 29: HØGDEBASSENG PÅ BURDALSFJELLET**  
Vassleidingar er lagde ned i turvegen mellom Foldnes



Turøyna, nytt ventilhus med trykkreduksjon og vassmålar med radiokommunikasjon inn til vårt kontrollanlegg.

og Hjelteryggen, og sjølve høgdebassenget er bygd. Bassenget er klart til å fyllast med vatn, men pga. kollaps på eit tilsvarende basseng i Hammerfest er arbeidet innstilt inntil ein kjenner årsaka.

**PROSJEKT 30: MORLANDSTØ - KOLLTVEIT**  
Eksisterande avløpsreinseanlegg på Morland er teke ut av drift. Avløpet blir nå ført til Kolltveit og vidare til Våge. Arbeidet er fullført

**PROSJEKT 33: AVLØPSSANERING KALLESTAD**  
Første byggetrinn er ferdigstilt.

**PROSJEKT U1: ANGELTVEITSJØEN**  
Anleggsarbeidet i byggetrinn 1 blei fullført våren 2014. I første omgang vil ein føre avløpet ned til slamavskiljar ved sjøen, som på sikt skal byggast om til pumpe-stasjon, og leie avløpet til nytt hovudreinseanlegg på Ågotnes (byggetrinn 2).

**PROSJEKT U4: SOLSVIKA - MISJE - TURØYNA**  
Vassledning til Turøyna og Misje er ferdig.

**PROSJEKT U6: SØRE BJØRØYNA**  
Etappe 1 fullført.

**PROSJEKT U14: GEITANGER**  
Ny vassledning til Geitanger lagt i 2016.



Ny pumpe-stasjon med buffertank på Søre Bildøyna, klar for montering av overbygg. Det nye anlegget vil erstatte dagens reinseanlegg.

## Prosjekt under bygging



Signalvatnet, alle dammane er forsterka i henhold til nye nasjonale krav.

### PROSJEKT 3: DAM FJÆREIDE / OPPGRADERING AV EKSISTERANDE DAMMAR

Ny damsikkerhetsforskrift har medført at dammane våre må forsterkast. Bildevatn, Signalvatn og Haggardvatn er oppgraderte. FjellVAR AS har sendt søknad til NVE om å heve dammen på Fjæreide med om lag 1,5 meter, og vi ventar med forsterking av dammen til hevingsarbeidet tar til.

### PROSJEKT 24: SØRE BILDØYNA - STRAUME

Første byggetrinn fullført. Prosjektering for del II er under arbeid.

### PROSJEKT 25: TRENGEREID - FJELLSPOLLEN - BILDENUTEN

Dette er hovudvassleidningen frå Kørelen til Bilde-nuten. Delar av leidningen vil bli lagde i samband med utbygging av Blommen/Kolltveit (Blommen - Kolltveit skule). Våren 2017 vil arbeidet med framføring av vassleidning frå Ekren til Trengereid starte opp.

### PROSJEKT 33: AVLØPSSANERING KALLESTAD

Første byggetrinn er fullført (avløpsleidning til sjø) samstundes med ny vassleidning frå Ekren til Kallestad-vika. Arbeidet opp til Kallestad startar våren 2017.

### PROSJEKT U6: SØRE BJORØYNA

Det er inngått utbyggingsavtale mellom Fjell kommune, utbyggar og Fjellvar AS om legging av leidning til Søre Bjorøy. Prosjektet er under bygging.



Graving ved Kolltveit skule, ny avløpsleidning frå Bildøy vest til Storanipa.

## Prosjekt under prosjektering

### PROSJEKT 2: ENGESVATNET

Søknad om konsesjon for regulering av Engesvatnet og Fjæreidevatnet er sendt til NVE.

### PROSJEKT 4: KØRELEN (UTGREIINGAR OG KONSESJONSSØKNAD)

Samarbeid med Sund kommune/Sund VA. Forslag til klausuleringsføresegner er tekne med i arealdelen til Fjell kommune. Konsesjonssøknaden vil bli handsama saman med konsesjonssøknaden for Fjæreide.

### PROSJEKT 8, 9: NYTT HOVUDREINSEANLEGG FOR AVLØP

FjellVAR AS har innhenta pris på prosessanlegget. FjellVAR har innstilt Purac som vinnar av konkurransen, men har fått klage på tildelinga. Saka er oversend til advokat for juridisk handsaming. Så snart valet av prosessleverandør er endeleg, vil prosjektering av fjellhall starte med sikte på innhenting av tilbod på fjellsprenningsarbeida. Førabels oppstart for fjellarbeid er juni 2017.

### PROSJEKT 10: ÅGOTNES AR

Nytt avløpsreinseanlegg på Ågotnes. Fjell kommune har fått klage på reguleringsplanen, og klagen er oversend til Hordaland fylkeskommune for vurdering. Vidare har FjellVAR hatt ute anbod på prosessanlegg, som overskrid budsjettet i handlingsplanen. Nytt forslag er under utarbeiding, med redusert kapasitet (frå 8 000 PE til 5 000 PE), med moglegheit for utviding seinare.

### PROSJEKT 34: SOTRASAMBANDET - KNARREVIK

Prosjektering av ny vassleidning Storskare - Arefjord er fullført. Byggstart avhengig av Statens Vegvesen. Avløpsleidning er planlagt ført til Valen i sjø.

### PROSJEKT U3/U11: IDRETTSVEGEN - EBBESVIKA

Prosjektering nesten fullført. Dersom utbyggar startar opp med veggen, kan dette arbeidet ta til i mai 2017.

### PROSJEKT U9: SØRE BJORØYNA - LIAKJÆRET

Prosjektering av vassleidning pågår.



Våge, nytt reinseanlegg i fjellet i Storanipa.

## Utbyggingskostnader

Prioritet nr. / KS-sak	Prosjektnamn	Kostnadsramme	Sluttkostnad	Avvik i høve til KDP
68/10	Eide Vassleidning	1 400 000	401 500	- 998 500
56/10	Trykkaukestasjon Møvika	2 300 000	2 267 535	- 32 465
PS74/2011	Lagerbygg gjenvinningsstasjon	1 300 000	1 286 636	- 13 364
5 -PS79/2013	Bildøybakken VBA	25 300 000	24 809 854	- 490 146
7	Møvik avløpsreinsanlegg	25 000 000	18 054 504	- 6 945 496
11	Skårane	2 000 000	843 210	- 1 156 790
12	Syltøyna, Lokøyna og Flogøyna	9 000 000	7 688 706	- 1 311 294
13	Vindenes Gard	4 800 000	6 262 600	1 462 600
14	Ekren og Nese	5 700 000	8 444 022	2 744 022
16	Apalvågen - Skålevik skule	4 700 000	4 329 077	- 370 923
18	Samankopling Ågotnes	2 600 000	2 162 560	- 437 440
17	Bildøybakken VBA	5 400 000	7 186 943	1 786 943
20	Høgdebasseng Bjørøyna	6 400 000	5 241 652	- 1 158 348
21	Fjæreidepollen	2 100 000	3 879 012	1 779 012
38	Miljøovervaking/resipientundersøking	2 000 000	2 173 334	173 334
U1	Angeltveitsjøen	6 100 000	4 065 358	- 2 034 642
<b>FORNYING/REHAB.</b>	Vindenes kai - Skårane, etappe 2	1 485 146	1 485 146	-
	Utskifting av vassleidning Nordvik	2 639 926	2 639 926	-
	Nye pumper, div stasjoner	302 052	302 052	-
	<b>Totalt</b>	<b>110 527 124</b>	<b>103 523 627</b>	<b>- 7 003 497</b>

## Prosjekt der planlegginga ikkje er starta opp

### PROSJEKT 6: KØRELEN VBA

Konsesjonssøknad må først liggje føre, sjå prosjekt 4.

### PROSJEKT 19: EBBESVIK - ØVRE SNEKKEVIK

Spleiselag mellom FjellVAR, Fjell kommune og Statens Vegvesen. Fjell kommune styrer framdrifta. Veggen må utvidast, og det må lagast ny reguleringsplan.

### PROSJEKT 26: UTSLEPPSLEIDNING VÅGO

Må sjåast i samanheng med nytt avløpsreinsanlegg og er ikkje starta opp.

### PROSJEKT 28: BRATTHOLMEN - VALEN - KNARREVIK

Prosjektet heng saman med nytt hovudreinsanlegg avløp, og er ikkje starta opp.

### PROSJEKT 31: HJELTERYGGEN - KNARREVIK

Prosjektet heng saman med nytt hovudreinsanlegg avløp, og er ikkje starta opp.

### PROSJEKT 32: LANDRODALEN

Prosjektet er ikkje starta opp.

## Sekkepostar

Det er i kommunedelplanen sett av ein årleg sum til diverse tiltak (rehabilitering/fornyng). Følgjande prosjekt er gjennomførte eller under planlegging:

### VASSLEIDNING NORDVIK

I samband med legging av ny vassleidning til Ekren og Nese oppdaga ein at dimensjonen på Nordvik var for liten. Denne blei skifta ut i 2012. Totalkostnad 2,2 mill kr.

### VINDENES KAI - SKÅRANE

I samband med at kommunen starta med utbetring av også denne vegstrekninga, nytta Fjellvar AS høvet til å leggje nye vass- og avløpsleidningar. Arbeidet blei fullført i 2013 med ein totalkostnad på 1,5 mill. kr.

### RESIPIENTGRANSKING

Fjellvar AS har gjennomført resipientgranskning i 2012, med ein kostnad på ca. 2,6 mill. kr. På bakgrunn av resultatet av denne undersøkinga er det søkt om fritak for sekundærreinsing for det nye hovudavløpsreinsanlegget på Litle Sotra.

### SANERING AV AVLØP SOLSVIK OG NY VASSLEIDNING TIL SOLSVIK

Byggearbeidet er fullført og teke i bruk.

## MÅLOMRÅDE FOR FJELLVAR 2013-2018



FjellVAR har gjennomført ein strategiplan for 2013 - 2018. Det er definert sju mål for selskapet i perioden.

MÅLOMRÅDE	AMBISJONAR
Relasjon til eigar	➔ Best på organisering av VAR-tenester i Noreg
Vatn	➔ Nok drikkevatt med høg kvalitet
Avløp	➔ Inga forureining som skader natur og miljø
Renovasjon	➔ Berekraftig og kostnadseffektiv avfallshandtering
Miljø og energi	➔ Fjell kommunes fremste miljøbedrift
Kundar og samfunnskontakt	➔ Best på kundeoppleving
Organisasjon og kompetanse	➔ Mest attraktive VAR-arbeidsplass

### Relasjon til eigar

#### MÅLOMRÅDE

Selskapet skal ha ein effektiv driftsmodell



Kapasitet og kvalitet



God dialog med eigar



Oppfylle forventningar som eigar har gitt gjennom planverk og vedtak



#### RESULTAT 2016

FjellVAR AS deltek i benchmarking som syner at selskapet er blant dei mest driftseffektive blant deltakarane.

Selskapet leverer tenester av god kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet.

Selskapet deltek i faste dialogmøte med administrasjonen i Fjell kommune og etter behov i utval og møte med ordførar.

I all hovudsak følgjer selskapet handlingsplanen i kommunedelplanen for vatn og avløp. Ved driftsoptimalisering og betre utsortering av avfall bidrar selskapet til at Fjell kommune kan nå måla i energi- og miljøplanen.





## Vatn

### MÅLOMRÅDE

#### Vasskvalitet

#### Abonnentar

#### Sikkerheit og kapasitet

#### Vassforsyningsnett

### RESULTAT 2016

Ingen avvik i forhold til drikkevassforskrifta. Prøvepunkt over heile distribusjonsnett. Tilsyn med tilbakeslags-sikring er i gang.

Fjernavlesne vassmålarar er forseinka, ny tid for utlevering sommar 2017.

HB Steinsfjellet (Foldnes) ferdig og snart klar for overlevering. Klausulering av Kørelen er i gang.

Utbygging av overvaking er i gang.  
Lekkasje:  
2010: 52 %  
2011: 48 %  
2012: 36 %  
2013: 26 %  
2014: 25 %  
2015: 18 %  
2016: 11 %  
Lokale vilkår for tilknytning ikkje fastsett.

## Avløp

### MÅLOMRÅDE

#### Struktur, kapasitet og kvalitet

#### Tilknytingsprosent

#### Restprodukt

### RESULTAT 2016

Reguleringsplan for Storanipa RA er godkjent og anleggsarbeidet er starta opp. Ferdigstilling i 2020/21.

Reguleringsplan for Krekjebærneset RA er under arbeid.

Utbygging av overførings-leidningar er i gang. Kartlegging og utbetring av lekkasjar er i gang.

2015 Store Sotra: 55 %  
2015 Litle Sotra: 85 %

Vurdering er i gang i samband med pågåande prosjektering av Storanipa RA.

## Renovasjon

### MÅLOMRÅDE

#### Avfallsmengder frå hushalda

#### Utsorteringsgrad

#### Kundetilfredsheit knytt til renovasjon

#### Tal nedgravne løysingar

### RESULTAT 2016

2010: 10 277  
2011: 11 492  
2012: 11 714  
2013: 10 468  
2014: 11 349  
2015: 11 362  
2016: 11 050

2012: 61,5 %  
2013: 66,3 %  
2014: 61,0 %  
2015: 67,3 %  
2016: 65,4 %

2010: 75 %  
2012: 77 %  
2014: 78 %  
2016: 79 %

2014: 9  
2015: 12  
2016: 15

### KOMMENTAR

Tala er korrigerte for næringsavfall.

Sorteringsgraden er knytt til gjenbruksstasjon i Lonavegen på Straume.

Basert på målingar i samband med benchmarking.

Nedgravne løysingar finst på Straume og Ågotnes.

## Miljø og energi

### MÅLOMRÅDE

#### Energiforbruk

#### Miljøfyrtårn

### RESULTAT 2016

2010: 2 164 454  
2011: 2 169 198  
2012: 2 047 315  
2013: 1 910 774  
2014: 1 880 447  
2015: 1 281 590  
2016: 1 089 717

2016:  
- Innkjøp av miljømerkte produkt + 20  
- Miljøsertifiserte leverandørar + 10  
- Intern sorteringsgrad på 92 %

### KOMMENTAR

Stor vekt på å redusere energiforbruket.

Fokus på miljø i intern drift. Årleg rapportering for å dokumentere utviklinga.

# Kunder og samfunnskontakt

## MÅLOMRÅDE

Kvalitet på kunderegister

Responstid på sakshandsaming: under 10 dagar

Kundemeldingar elektronisk

Ny elektronisk tømmeapp

## MÅLOMRÅDE

Utvikling av elektroniske postlister

Utvikling av nye nettsider og andre kanalar i sosiale medium

Utgående elektronisk faktura

Inngående elektronisk faktura

## RESULTAT 2016

Vi har kvalitetssikra heile kunderegisteret og avdekt 8 % avvik som er fakturert tilbake i tid.

2013: 8 dagar  
2014: 4,4 dagar  
2015: 4,1 dagar  
2016: 2,1 dagar

2013: 2 517  
2014: 2 571  
2015: 4 862  
2016: 6 705

2015: 2 766 brukarar  
2016: 4 200 brukarar

## RESULTAT 2016

2013: 3913  
2014: 4506  
2015: 10097  
2016: 14609

2015: 10 517 brukarar  
2016: 16 955 brukarar

2013: 0  
2014: 2 %  
2015: 51 %  
2016: 61 %

2013: 5 %  
2014: 20 %  
2015: 80 %  
2016: 92 %

FjellVAR-medarbeidaren har som del av jobben å informera om kompostering, og er ofte ute hos lag og organisasjonar.

To slike bøtter og ein pose bokashi-strø er det som trengst for å laga sin eigen jordfabrikk under kjøkkenbenken, ifølgje informasjonsmedarbeidar Monica Falck hos FjellVAR.



# Organisasjon og kompetanse

## MÅLOMRÅDE

Sjukefråvær

Fråvær som følge av ulykker på arbeid

## RESULTAT 2016

2012: 3,8 %  
2013: 3,4 %  
2014: 1,9 %  
2015: 1,8 %  
2016: 1,6 %

2012: 0 %  
2013: 0 %  
2014: 0 %  
2015: 0 %  
2016: 0 %

- IA-bedrift til 2018
- Godkjenning som lærlingbedrift
- Arbeidsmiljøundersøking: tilsette med god motivasjon og høg trivsel



## SAMFUNNSKONTAKT



FjellVAR tar aktivt samfunnsansvar og har utvida samarbeid med skuleklassar og barnehagar, Basecamp Repro og veiledning innan avfallsortering til innbyggjarar som er tilflytta.

**GJENBRUK** FjellVAR samarbeider med Basecamp Repro om gjenbruk av sykklar. Kvar veke hentar Basecamp sykklar på gjenbruksstasjonen som vert sett i stand for vidareasal. Basecamp Repro hell til i gamle Jerniabygget på Straume.

**KUNNSKAP** Vi tek gjerne imot skuleklassar på gjenbruksstasjonen. Her får elevane kunnskap om kjeldesortering og høyre kva som skjer vidare med avfallet.



**INNSAMLING** FjellVAR har samarbeid med Fretex om innsamling av tekstil. Alle som tek tekstilane ut av restavfallet og kaster i skap for tekstilnnsamling, gjer eit viktig bidrag i kjeldesorteringa.





## VATN

### Vasskvalitet

I 2016 blei det teke 458 vassprøvar ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi har hatt nokre avvik i tiltaksklasse C på Hjelteryggen. Dette gjeld kimtal i Tepperotvegen og har ikkje hatt bruksmessige konsekvensar.

Elles har kimtal og turbiditet begynt å stabilisere seg for leveringsområdet til Bildøyvatnet vassverk. Men vi ser generelt at den pågåande oppdimensjoneringa på vassleidningsnettet og reduserte lekkasjar krev auka innsats på utspyling av leidningsnettet, då utskiftinga av vatnet i leidningane tek litt lengre tid.

### Lekkasje

Lekkasjearbeidet går føre seg som tidlegare. Lekkasjen er no på ca. 11 %. Dette er utan tvil ein historisk låg

verdi. No skuldast ikkje dette berre lekkasjesøkingarbeidet som er gjort, men òg at vi har fått betre oversikt over kvar vatnet tek vegen, mellom anna gjennom registrering av fleire gratisabonnentar.


### Vassproduksjon

Ved årsslutt var 7 723 husstandar, 598 bedrifter, 338 fritidsbustader og 59 naust knytte til offentleg vatn. Vi leverte ca. 9 % meir vatn til husstandane enn i fjor, og 3 % mindre til industri.

Totalt vassforbruk frå Fjæreide, Bildøyfjellet og Kørelen vassverk:

$1\,662\,021\text{ m}^3 + 766\,212\text{ m}^3 + 20\,893\text{ m}^3$   
 $= 2\,449\,126\text{ m}^3$ .

### VASSFORBRUK OG ABONNENTAR





## AVLØP

### Kvalitet

Alle avløpsanlegga inngår i KOSTRA-rapporteringa. Alle prøveparametrar er teoretisk utrekna, då anlegga ikkje er tilrettelagde for prøvetaking, med unntak av Møvik RA. Fylkesmannen har gitt dispensasjon til dette. Utrekninga viser at vi ligg innanfor reinsekrava med god margin for alle slamavskiljarane, medan silanlegget på Brattholmen ikkje klarer kravet. Reinse-resultatet for Våge reinseanlegg er det vanskeleg å seie noko om, då dette anlegget i løpet av 2016 har fått overført alt avløpsvatnet frå Kolltveit og Morlandstø.

### Kapasitet

Vi har no starta saneringa av dei første reinseanlegga i samsvar med dei nye miljøkrava. Først ut var slamavskiljaren på Kolltveit kai, med silanlegget på Morlandstø hakk i hæl. Begge desse blei overført til Våge reinseanlegg i løpet av 2016.

Situasjonen for slamavskiljaren i Mathopen på Ågotnes har ikkje endra seg i løpet av 2016. Her er det ikkje kapasitet til meir. Heller ikkje når det gjeld utsleppsløyve. Dette kan få konsekvensar for nybygging fram til nytt reinseanlegg er på plass på Krekjebærneset. Plan- og utbyggingsavdelinga i Fjell kommune er informert om situasjonen. Slamavskiljarane har elles bra kapasitet. Utsleppsløyvet er auka på ein del av dei. For silanlegga er det Brattholmen og Hjelteryggen RA som ikkje har kapasitet til meir. Brattholmen RA er no det eldste silanlegget vi har, og det fungerer ikkje lenger som det skal. Reinsresultata er òg svært dårlege. Hjelteryggen RA reinsar godt. Dessutan er Hjelteryggen ferdig utbygd. Såleis er det ikkje behov for større kapasitet på dette anlegget. Både Brattholmen og Hjelteryggen skal overførast til det nye reinseanlegget på Storanipa, på lik linje med Våge og Valen. Silanlegga har elles bra kapasitet fram til dei blir sanerte vekk.

Ca. 18 000 personar er i dag knytte til offentlege avløp. Vi har levert ca. 697 tonn slam frå reinseanlegga våre, fordelt på 201 tonn frå silanlegga og 496 tonn frå slamavskiljarane.

### Lekkasje/innlekking

Arbeid med kartlegging og tilstandsregistrering har gått føre seg også i 2016. Dette arbeidet er svært viktig for å redusere energiforbruket og auke kapasiteten i åra framover. Fylkesmannen stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar.

### Slam

Innsamling, transport og mottak av slam var ute på anbod i januar 2016. Johny Birkeland Transport AS fekk jobben, same firma som førre periode. Avtalen gjeld i fire år, frå juni 2016, med ein årleg kostnad på ca. 2,8 mill. kr per år ekskl. mva. Avtalen omfattar tømning av både private og offentlege slamavskiljarar samt silanlegg. Ca. 2400 private slamavskiljarar blir tømde i løpet av ein to-årsperiode, som er syklusen ved ein normal tømmeffrekvens for slike tankar. 12 større kommunale tankar og 6 silanlegg blir også tømde.

Årleg tek Johny Birkeland Transport AS hand om ca. 1500 tonn slam for oss, fordelt på ca. 700 tonn slam frå dei kommunale tankane og ca. 800 tonn frå dei private slamavskiljarane.

Sleping av 1450 meter lang 250mm avløpsleidning frå Døsjø/Bildøypollen. Denne skal betjene avløp frå bygningsmassen på Kolltveit Vest, for senking i sjø frå borehol ved Kolltveit skule til pumpestasjon på Kolltveit kai, for vidarepumping til nytt hovudreinseanlegg i Storanipa.





## RENOVASJON



I 2016 bytte vi renovasjonsselskap for innsamling av avfall til RenoNorden og Norsk Gjenvinning. Samstundes kunne vi takke av vår mangeårige samarbeidspartner innan avfallsinnsamling. Ottar Fjell gjekk av med pensjon etter å ha hatt arbeid med å hente inn husholdsavfall sidan 1986. Overgangen til nye renovatørar har gått bra. FjellVAR har no teke i bruk systemet som registrerer at bossdunken din faktisk er tømt, og vi har fått betre kontroll på boss-innsamlinga.

Tala over innsamla avfall syner at fjellsokningane i gjennomsnitt kasta 435 kg avfall i 2016. Målet vårt er å få delen restavfall så låg som mogeleg. Dette har vi arbeid for i mange år ved å sortere ut matavfall, papir, papp, plast, glas og metall.



I 2016 starta FjellVAR eit nytt samarbeid med Fretex for å få samla inn tekstil som eigen fraksjon. FjellVAR sende ut sekkar, og resultatet var at vi fekk inn over 200 tonn med tekstilar. Det er over 8 kg per innbyggjar og fantastisk gode tal i eit oppstartsår.

Betre kjeldesortering gjer at det blir billegare å behandle avfallet etter innsamling. Alt i alt resulterte dette i at renovasjonsgebyret ikkje blei heva i 2016. God innsats frå innbyggjarane gir seg utslag i lågare utgifter for FjellVAR. Det er framleis eit forbedrings-



Haavard Telle og Mathilde Alvsvåg utførte sommaren 2016 tilsyn med kompostbingane i kommunen.

potensial, og dette vil FjellVAR ha særskilt fokus på framover. Vi skal leggje godt til rette for at innbyggjarane skal kjeldesortere.





Dagleg komprimering av avfall på gjenbruksstasjonen på Straume.



#### Wastemaster

I 2016 gjekk vi til innkjøp av ei heilt ny maskin på gjenbruksstasjonen. Vår nye Wastemaster 5CX gjer at vi kan komprimere avfallet i containerane og fylle dei med 30 - 40 % meir avfall. Resultatet av dette er at tal containertransportar frå stasjonen er vesentleg redusert. Vi reduserer då trafikken på stasjonen og tungtransporten gjennom Straume, eit positivt bidrag til lokalmiljø og klima. Fire av våre tilsette har fått naudsynt opplæring i bruk av maskina.



#### Benchmarking

FjellVAR var i 2016 med på benchmarking av renovasjonsselskap for hele landet. Resultata syner at FjellVAR gjer det godt på dei fleste områda, og prestasjonane våre har blitt betre sidan 2013. Vi skårar høgt på klima-/miljøresultat, og på arbeidsmiljø er vi blant dei aller beste av deltakarane. Dette gjer oss kjempestolte og viser at vi klarer å strekkje oss etter ambisjonane om å vere ein god arbeidsplass og den mest miljøvenlege verksemda i Fjell kommune.

#### Mikroplast

Vårt store forbruk av varer og tenester utfordrar i dag naturen som omgir oss. I Fjell kommune har dette blitt aktualisert av ein kval som måtte avlivast etter å ha ete plast. I tillegg til den plasten vi ser, har ørsmå partiklar av plast blitt tilsett i tusenvis av skrubbekremer og tannpastaer over heile verda, også i Noreg. Reinseanlegg er ikkje laga for å filtrere ut desse ørsmå partiklane, så dei endar opp i havet. Der trekkjer dei til seg miljøgifter, blir etne av livet i havet, går inn i næringskjeda og endar opp på toppen: hos oss menneske. Vi skal vere glade for at når kvalen vår først døydd, så søkte han til menneske. Han kunne ha døydd langt ute til havs, men søkte i staden til menneske og sette fokus på det som no er eit brennheitt tema: plast i havet.



Strandrydding 2016 på vestsida i Fjell kommune.



## STYRETS RAPPORT

### Verksemda

Fjell vatn, avløp og renovasjon AS (FjellVAR) blei stifta den 20.01.03. Selskapets vedtektsfesta føremål er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i Fjell kommune samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall.

I tillegg driv selskapet ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring.

### Eigar

Fjell kommune eig 100 % av aksjane i selskapet.

### Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2016

Fleire år med betydelege driftsrelaterte forbetringar har medført lågare gebyr enn prognosane i kommunedelplanen for vatn og avløp. Mellom anna har selskapet redusert energiforbruket med 1 000 000 kWh samanlikna med 2010. Etter at selskapet har arbeidd aktivt i mange år med å få bukt med vasstapet på leidningane, er det gledeleg at vasstapet no er på under 20 %.

Selskapet vil fortsetje arbeidet for å skape større forbetringar og fokusere på alle aspekt som er innanfor

selskapets eigen kontroll, mellom anna helse, tryggleik og miljø, optimal drift og kundetilfredsheit.

### Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapets styre har 7 medlemmar, 3 kvinner og 4 menn. Totalt er det 29 tilsette fordelt på 5 kvinner og 24 menn. Ved rekruttering til styre, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er.

Verksemda har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidstilhøve. Det totale sjukefråværet i 2016 var 1,6 % (2015: 1,8 %), og av dette var korttidsfråværet på 1,6 % (2015: 1,8 %). FjellVAR AS er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråvær og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Aktimed.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

### Forsking og utvikling

Selskapet har gjennomført ein innovasjonskonkurranse i samband med innkjøp av prosessanlegg til nytt avløpsreinseanlegg på Storanipa. Fokus på årskostnader og energibruk var lagt til grunn for evalueringa.

### Klima og miljø

FjellVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. Selskapet fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat.

Selskapet vil innan år 2020 byggje tre nye avløpsreinseanlegg. Først ute var Møvik avløpsreinseanlegg, som hadde sitt første heile driftsår i 2013.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnett og sprengjer kapasiteten til leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Selskapet har dei siste åra derfor prioritert tiltak som reduserer innleking til leidningane.

Selskapet er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav med omsyn til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet.

### Vidare drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapslova for 2016.

### Selskapets stilling og resultatet av verksemda

Selskapet hadde i 2016 samla driftsinntekter på kr 110 532 911. Av dette utgjorde offentlege vassgebyr, avløpsgebyr, renovasjonsgebyr og gebyr for tømning av septiktankar kr 104 871 754, medan kr 5 661 157 var andre inntekter.

Samla driftskostnader var på kr 90 867 166. Netto finanskostnadar var på kr 12 392 631. Året er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 7 273 115.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde kr 23 749 083 i 2016 mot kr 25 529 052 i 2015. Pr. 31.12.16 har selskapet ein total kapital på kr 636 816 892, og av dette er kr 31 534 084 kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12 ein eigenkapitalandel på 1,9 %.

I samband med bygging av nytt høgdebasseng på Foldnes kollapsa eit tilsvarande basseng i Hammerfest. Årsaka til brotet er ukjend, og det er knytt noko usikkerheit til kostnadsbildet. Selskapet held tilbake om lag 2 millionar kroner, som venteleg vil dekkje ev. meir-kostnader.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av selskapets resultat eller stilling.



Etter styret si oppfatning gir den framlagde rekneskaperen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

#### Investeringar

I løpet av 2016 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 62 millionar kroner. I tillegg er det investert kring 2 millionar kroner i oppgradering av damanlegga, og denne investeringa er ført direkte som driftskostnadar. Investeringane vil auke i tida framover som følgje av dei planlagde investeringane i handlingsprogrammet som blei vedtekne i 2011. Forventa auke i folketilveksten og endringar i rammevilkåra vil føre til ei større endring i infrastrukturen for vatn og avløp.

#### Fleire prosjekt er tekne i bruk i 2016 eller er under bygging ved utgangen av 2016:

- ny vassleidning til Turøy
- ny vassleidning til Misje
- ny vassleidning til Geitanger
- ny vassleidning til Kallestadvika
- ny vassleidning til Søre Bjørøyyna
- ny pumpestasjon på Ågotnes
- nytt høgdebasseng på Foldnes
- ny avløpsleidning frå Kolltveit skule til Kolltveit kai
- ny avløpsleidning frå Gangstøgarden til Kolltveit kai
- ny avløpsleidning frå Morlandstø til Kolltveit kai

#### Prosjekt som er under bygging:

- ny avløpspumpestasjon på Søre Bildøyyna
- avløpsleidning frå Søre Straume til Søre Bildøyyna
- avløpsreinseanlegg på Storanipa
- vass- og avløpsleidningar i vegen mellom Arefjord og Storskaret

Det er sendt inn søknad til NVE om å ta Kørelen i bruk som vasskjelde.

Det er også sendt inn søknad til NVE om å auke reguleringshøgda på Fjæreide, og dermed auke kjeldekapasiteten.

#### Økonomisk resultat og styrets framlegg til disponering

Det økonomiske resultatet i selskapet for 2016 blei eit overskot på kr 7 273 115, mot budsjettert underskot på

kr 1,9 millionar. FjellVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Selskapet er frå 2012 definert som stort selskap etter rekneskapslova. Ei vesentleg endring som følgje av at selskapet blir rekna som stort selskap, er at ein må føre estimatavvik for framtidige pensjonsforpliktingar i balansen. Pensjonsforpliktingane utgjør for rekneskapsåret kr 6 900 091.

Styret vil gjere framlegg om at overskotet i 2016 blir trekt frå gjeld via sjølvkostfond. Den bokførte eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på kr 2 739 232. Netto bokført eigenkapital er kr 12 739 232 pr. 31.12.16.

#### Finansiell risiko

Selskapet har relativt store lån. I 2016 gjekk om lag 11 % av inntektene våre med til å betale renter. Styret i FjellVAR AS har lagt vekt på å unngå risiko, og selskapet har derfor sikra delar av låna mot rentesvingingar ved bruk av rentesikringsinstrument med spreiding i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall.

Utover dette ser ikkje styret at selskapet har større finansiell risiko.

#### Likviditetsmessig risiko

Selskapet hadde ved utgangen av 2016 meir enn 208 MNOK i bank, noko som sikrar god likviditet i starten på 2016. Risikoen er vurdert som låg for selskapet.

#### Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til våre leverandørar. Noko av det vi gjer for å sikre ansvarleg åtferd, er å:

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at våre leverandørar er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og HMT
- kontrollere at allmenngjort minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgt

#### Vegen vidare

Fjell kommune har hatt stor auke i folketallet heilt sidan ein fekk brusamband til Bergen på 1970-talet. I september 2011 vedtok kommunestyret ny kommunedelplan for vatn og avløp i perioden 2011-2022. Målet med planen var mellom anna å kartleggje dagens situasjon og kva tiltak som må gjennomførast før vassforsyninga og avløpsanlegga tilfredsstillar forskriftskrava. Sjølv om det er stor usikkerheit knytt til utviklinga i folketallet framover, vil ein moderat auke i folketallet krevje investeringar i ny infrastruktur.

Hovudformålet for vassforsyninga i Fjell kommune er at ein skal syte for at befolkning og næringsliv som er tilknytt, skal vere sikra leveranse av tilstrekkeleg og godt nok vatn. Status i dag er at ein ikkje tilfredsstillar drikkevassforskrifta sine krav til leveringssikkerheit og beredskap. Det vil vere viktig å auke kjeldekapasiteten, auke vasshandsamingskapasiteten og sikre overføringskapasiteten. I løpet av dei neste ti åra er det foreslått ei investering i vassforsyninga på om lag 400 millionar kroner.

Endringar i forureiningsforskrifta har medført ei innskjerping av reinsekrava i sentrale delar av kommunen, og det vil medføre store investeringar i nye reinseanlegg for avløp med tilhøyrande leidningsnett. Førebels kostnadsoverslag syner at ein må investere nærmare 500 millionar kroner for å stette desse forskriftskrava.

Det er i perioden 2009-2016 lagt ned eit betydeleg arbeid i å redusere energikostnadene. Innan vassforsyninga har ein redusert energiforbruket med om lag 40 % i perioden. Det er også starta opp arbeid med kartlegging av overvatn som blir leia til avløpsleidningane. Innleking av overvatn til avløpsnett fører til at det ikkje er kapasitet til å ta imot tiltenkt mengde med avløp.

Selskapet vil også revidere renovasjonsforskrifta til ei meir kundeorientert forskrift som kan bidra til auka kjeldesortering og materialgjenvinning.

Som følgje av auken i folketallet og utviklinga i nye rammevilkår ønskjer selskapet at det blir utarbeidd ein ny avfallsplan i samarbeid med Fjell kommune. Måla med planen bør vere å kartleggje dagens avfallssituasjon og peike på kva tiltak som bør gjennomførast for å sikre ei effektiv og miljømessig god avfallshandtering i åra framover.

Arbeidsoppgåvene til selskapet vil auke i tida framover, og det vil vere viktig å styrkje organisasjonen for å møte dei framtidige utfordringane.

#### Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å takke alle tilsette for positiv vilje og arbeidsinnsats i året som gjekk. Motiverte og endringsvillige medarbeidarar er avgjerande for den vidare utviklinga av FjellVAR AS som samfunnsaktør og miljøbedrift.

Styret i Fjell vatn, avløp og renovasjon AS  
Straume, 24. april 2017



Ole Gerhard Fredheim  
Styreleiar



Elna Nybakk  
Nestleiar



Lars Oskar Lie  
Styremedlem



Cato Dahle  
Styremedlem



Eli Berland  
Styremedlem



Reidun Brekke  
Styremedlem



Tonje Alsvåg  
Styremedlem



Bjarne Ulvestad  
Dagleg leiar

## RESULTATREKNESKAP 2016



	Note	2016	2015
<b>DRIFTSINTEKTER</b>			
Kommunale årsgebyr og tilknytningsgebyr	5	104 871 754	101 587 495
Andre driftsinntekter	5	5 661 157	6 728 916
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>110 532 911</b>	<b>108 316 411</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekostnad	5	23 794 905	24 291 873
Lønskostnad	3, 4, 5	20 641 593	20 583 267
Avskrivning	5, 6	15 454 910	17 612 137
Andre driftskostnader	3, 5, 9	30 975 758	34 096 201
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>90 867 166</b>	<b>96 583 478</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>19 665 745</b>	<b>11 732 933</b>
<b>FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Andre renteinntekter		2 293 555	1 828 097
Andre finansinntekter		99 923	24 865
Andre rentekostnader	7, 9	14 744 386	15 719 963
Andre finanskostnader		41 723	20 185
<b>Netto finans</b>	5	<b>- 12 392 631</b>	<b>- 13 887 186</b>
Ordinært resultat før skattekostnad		7 273 115	- 2 154 253
Skattekostnad på ordinært resultat	12	0	- 6 691
<b>Årsresultat</b>		<b>7 273 115</b>	<b>- 2 160 944</b>
<b>OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR</b>			
Overføring til/frå annan eigenkapital	13	58 253	268 127
Sjølvkostresultat overført til/frå sjølvkostfond	15	7 214 861	- 2 429 071
<b>Sum overføringar</b>		<b>7 273 115</b>	<b>- 2 160 944</b>



## BALANSE

### Anleggsmiddel

#### VARIGE DRIFTSMIDDEL

	Note	2016	2015
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	6	4 293 351	3 145 689
Anlegg i drift	6, 8	385 472 976	347 379 381
Driftslausøyre, inventar, verkøy, kontormaskinar ol.	6, 8	3 233 049	3 511 263
Anlegg under utbygging	6	29 363 450	19 095 348
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>422 362 826</b>	<b>373 131 681</b>

#### FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL

Investeringar i aksjar og partar		112 705	256 039
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>112 705</b>	<b>256 039</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>422 475 531</b>	<b>373 387 720</b>

### Omløpsmiddel

Varer		113 148	99 060
-------	--	---------	--------

#### FORDRINGAR

Kundefordringar	8, 9, 10	5 117 685	5 571 069
Forskotsbetalte kostnader og andre fordringar		701 291	514 667
<b>Sum fordringar</b>		<b>5 818 976</b>	<b>6 085 736</b>

Bankinnskott, kontantar og liknande	2	208 409 237	82 832 390
-------------------------------------	---	-------------	------------

<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>214 341 361</b>	<b>89 017 186</b>
-------------------------	--	--------------------	-------------------

<b>Sum eignelutar</b>		<b>636 816 892</b>	<b>462 404 905</b>
-----------------------	--	--------------------	--------------------

### Eigenkapital

#### INNSKOTEN EIGENKAPITAL

	Note	2016	2015
Aksjekapital	13, 14	10 000 000	10 000 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>

#### OPPTENT EIGENKAPITAL

Annan eigenkapital	13	2 739 232	2 680 979
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>2 739 232</b>	<b>2 680 979</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>12 739 230</b>	<b>12 680 979</b>

### Gjeld

#### AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR

Pensjonshefte	4	6 900 091	6 603 673
Sjølvkostfond	13, 15	17 393 020	14 875 593
<b>Sum avsetjing for forpliktingar</b>		<b>24 293 111</b>	<b>21 479 266</b>

#### ANNA LANGSIKTIG GJELD

Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 8	568 250 464	401 873 288
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>568 250 464</b>	<b>401 873 288</b>

#### KORTSIKTIG GJELD

Leverandørgjeld	9	24 654 442	16 122 863
Skatt til betaling	12	0	6 691
Skuldig offentlege avgifter	2	580 444	1 751 711
Anna kortsiktig gjeld	9, 11	6 299 198	8 490 108
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>31 534 084</b>	<b>26 371 372</b>

<b>Sum gjeld</b>		<b>624 077 660</b>	<b>449 723 926</b>
------------------	--	--------------------	--------------------

<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>636 816 892</b>	<b>462 404 905</b>
----------------------------------	--	--------------------	--------------------

Styret i Fjell vatn, avløp og renovasjon AS  
Straume, 24. april 2017

Ole Gerhard Fredheim  
Styreleiar

Elna Nybakk  
Nestleiar

Lars Oskar Lie  
Styremedlem

Cato Dahle  
Styremedlem

Eli Berland  
Styremedlem

Reidun Brekke  
Styremedlem

Tonje Alsvåg  
Styremedlem

Bjarne Ulvestad  
Dagleg leiar



## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

KONTANTSTRAUM FRÅ DRIFTA	Note	2016	2015
Resultat før skattekostnad		7 273 115	-2 160 944
Betalt skatt i perioden	12	- 6 691	0
Ordinære avskrivningar	6	15 454 910	17 612 137
Endring i varer		- 14 088	- 38 447
Endring i kundefordringar		453 384	8 743 297
Endring i leverandørgjeld		8 538 270	- 4 398 673
Forskjell i pensjonsmidlar/-forpliktingar	4	296 418	1 325 471
Endring i andre tidsavgrensingspostar		- 8 246 235	4 446 211
<b>Netto kontantstraum frå drifta</b>		<b>23 749 083</b>	<b>25 529 052</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>			
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmiddel	6	- 64 686 055	- 48 974 141
Ut-/innbetalningar ved kjøp av aksjar og partar		143 334	- 48 844
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		<b>- 64 542 721</b>	<b>- 49 022 985</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>			
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld		180 000 000	509 618 060
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		- 13 622 824	- 463 315 028
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>166 377 176</b>	<b>46 303 032</b>
Netto endring i likvidar i året		125 583 538	22 809 099
Kontantar og bankinnskot per 01.01.		82 825 699	60 016 600
Kontantar og bankinnskot per 31.12.		208 409 237	82 825 699

Selskapet har 10 millionar i unytta kassakreditt pr. 31.12.16



## NOTAR TIL REKNESKAPEN

### NOTE 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

### KORRIGERING AV TIDLEGARE ÅRS FEIL OG SAMANLIKNINGSTAL

I 2016 blei det oppdaga at det ved ein inkurie i 2014 og 2015 har blitt balanseført driftskostnader som anlegg under utbygging. Driftskostnadene gjeld avdeling for vatn og avdeling for avløp og er i 2016 korrigererte direkte mot sjølvkostfonda. Samanlikningstal står i note 15.

### SJØLVKOSTFOND

FjellVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Selskapet har derfor valt å synleggjere opptente midlar knytte til sjølvkostverksemda som eit sjølvkostfond, sidan dette er forskotsbetalningar frå kundane.

### SALSINNTEKTER

Frå 1. oktober 2014 overtok FjellVAR AS ansvaret for utfakturering av dei kommunale vass-, avløps- og renovasjonsgebyra. Årsgebyr blir rekna inn over abonnementsperioden. Kundar som nyttar vassmålar, blir fakturerte a konto 4 gonger, med endeleg avrekning på slutten av året etter faktisk forbruk. Tilknyningsgebyr blir inntektsførte i det året tilknytninga skjer. FjellVAR AS har sikra sine krav gjennom legalpant i dei respektive eigedomane. Sal av andre varer blir inntektsført på leveringstidpunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir utførte.

### HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Eignelutar som er bestemte til varig eige eller bruk i verksemda, er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagde til grunn. Anleggsmiddel blir vurderte til kost, men nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta å ikkje vere forbigående. Langsiktige lån blir balanseførte til nominelt motteke beløp på etableringstidpunktet. Omløpsmiddel blir vurderte til den lågaste verdien av kost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført som nominelt motteke beløp på etableringstidpunktet.

### FORDRINGAR

Kundekrav og andre krav er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av en bloc-avsetjing på 2 % av fordringsmassen. Spesifikke fordringar blir nedskrivne når leiinga meiner at dei ikkje kan drivast inn heilt eller delvis.

### VAREBEHALDNING

Lager av innkjøpte varer er verdsett til den lågaste verdien av anskaffingskost og verkeleg verdi. Anskaffingskost blir vurdert etter FIFO-prinsippet.

### VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftsmiddelet si økonomiske levetid dersom levetida er over 3 år. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført etter kvart som det blir utført, medan påkostnad eller forbetring blir lagt til kostprisen på driftsmiddelet og avskrivne over resterande økonomisk levetid. Utgifter til forskning og utvikling blir resultatførte når dei oppstår. Avskrivningar blir gjorde etter ein lineær avskrivningsplan.

### PENSJONAR

Verksemda har kollektiv (felles) pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) for dei tilsette. Ordninga i KLP inkluderer også tariffesta AFP-ordning frå fylte 62 år. Ordningane er ytingsplanar, dvs. at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Dei tilsette betaler premie tilsvarande 2 % av løna, og selskapet betaler resten av premien. Dei ytingsbaserte pensjonsordningane blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytingane som er rekneskapsmessig opptente på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi. Endringar i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid. Akkumulert verknad av estimatendringar og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinstar og tap) under 10 % av det som er størst av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane ved starten på året, blir ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten på året, blir det overskytande resultatført over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid. Periodens netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og personalkostnader.

**SKATT**

FjellVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot i verksemda skal berre nyttast til å realisere selskapet sitt ideelle føremål. På bakgrunn av dette har Skatt Vest etter ei samla vurdering kome til at selskapet ikkje har erverv til føremål med noverande verksemd, og at det derfor skal fritakast for formues- og inntektsskatt.

Etter lovendring av 01.07.2004 skjer handtering av avfall frå bedriftskundar i fri konkurranse med andre aktørar. FjellVAR er ikkje lovpålagt å gi eit renovasjonstilbod til slike kundar, og lova krev ikkje at denne tenesta skal drivast

etter sjølvkostprinsippet. Likningskontoret har bede om at det blir levert sjølvmelding for denne delen av verksemda. FjellVAR betaler derfor skatt berre av netto inntekter relatert til handtering av avfall frå bedriftskundar. Skattepliktig resultat avvik dermed frå det ordinære resultatet til heile selskapet.

**KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

**NOTE 2 Bankinnskot**

Av selskapets bankinnskot er følgjande bundne skattetrekksmidlar i bank pr. 31.12.2016:

	2016
Bundne skattetrekksmidlar	897 502

**NOTE 3 Løn, godtgjersle, lån til tilsette m.m.****LØNSKOSTNADAR**

	2016	2015
Løn	15 429 591	14 910 152
Arbeidsgivaravgift	2 558 873	2 497 037
Pensjonskostnadar ekskl. arbeidsgivaravgift og adm.	2 188 930	2 603 143
Andre ytingar	464 200	572 935
<b>Sum</b>	<b>20 641 594</b>	<b>20 583 267</b>

Gjennomsnittleg tal fast tilsette 25,6 årsverk.

**YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR**

	Løn	Pensjonsutgifter	Anna godtgjersle
Dagleg leiar	1 094 975	21 897	6 858
Styrehonorar	261 250		

**GODTGJERSLE TIL REVISOR ER FORDELT PÅ FØLGJANDE**

	2016	2015
Lovpålagt revisjon	90 000	180 078
Andre revisjonsrelaterte tenester	79 424	83 974
Teknisk utarbeiding av rekneskap	22 000	22 500

Meirverdiavgift er ikkje inkludert i revisjonshonoraret.

**NOTE 4 Pensjonar**

Verksemda pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordning tilfredsstiller krava i denne lova.

Verksemda har pensjonsordningar som omfattar alle selskapets tilsette. Pr. 31.12.16 omfattar pensjonsordninga 26 aktive tilsette, inkludert vikarar og deltidstilsette, 11 pensjonistar og 14 med oppsette rettar. Tilsette over 67 år er definerte som pensjonistar. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse.

	2016	2015
Noverdi av årets pensjonsopptening	2 261 489	2 407 643
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	776 150	699 540
Avkasting på pensjonsmidlane	-666 822	-580 486
Administrasjonskostnader	114 281	115 878
Arbeidsgivaravgift	350 399	372 603
Resultatført aktuarielt tap	0	267 823
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>2 835 497</b>	<b>3 283 001</b>
Opptente pensjonsforpliktingar	29 645 837	27 106 493
Berekna pensjonsforpliktingar	29 645 837	27 106 493
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	22 174 275	19 772 874
Arbeidsgivaravgift	1 053 490	1 034 040
Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik	-1 624 961	-1 763 985
<b>Netto pensjonsforplikting</b>	<b>6 900 091</b>	<b>6 603 673</b>

**ØKONOMISKE FØRESETNADAR**

	2016	2015
Diskonteringsrente	2,60 %	2,70 %
Forventa lønsvekst	2,50 %	2,50 %
Forventa G-regulering	2,25 %	2,25 %
Forventa pensjonsregulering	1,48 %	1,48 %
Forventa avkasting	3,60 %	3,30 %

Dei aktuarmessige føresetnadene er baserte på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

**NOTE 5** Salsinntekter og varekostnader pr. resultatteining**2016**

	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon hushald	Renovasjon næring	Sum
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Kommunale årsgebyr	36 897 639	31 469 838	3 105 229	21 251 202	3 063 252	95 787 160
Tilknytingsgebyr	5 039 243	4 045 351	0	0	0	9 084 594
Andre inntekter	245 852	200 414	89 554	4 568 214	557 123	5 661 157
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>42 182 734</b>	<b>35 715 603</b>	<b>3 194 783</b>	<b>25 819 416</b>	<b>3 620 375</b>	<b>110 532 911</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>						
Varekostnader	1 203 345	2 053 605	1 876 750	16 429 370	2 231 834	23 794 905
Løns- og personalkostnader	6 368 991	6 717 435	823 214	5 657 702	1 074 251	20 641 593
Avskrivning	9 042 741	4 691 171	15 544	1 625 815	79 640	15 454 910
Energikostnader	1 017 048	676 112	4 355	42 098	4 355	1 743 969
Andre driftskostnader	12 725 743	12 163 565	528 248	3 549 371	264 863	29 231 790
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>30 357 868</b>	<b>26 301 888</b>	<b>3 248 111</b>	<b>27 304 356</b>	<b>3 654 943</b>	<b>90 867 167</b>
<b>FINANSPOSTAR</b>						
Finansinntekter	1 108 795	1 098 107	19 453	65 431	101 691	2 393 476
Finanskostnader	9 355 640	5 261 228	4 158	156 213	8 869	14 786 109
Netto finansposter	8 246 845	4 163 121	-15 295	90 782	-92 822	12 392 631
<b>Årets resultat</b>	<b>3 578 021</b>	<b>5 250 595</b>	<b>-38 032</b>	<b>-1 575 723</b>	<b>58 253</b>	<b>7 273 115</b>

**2015**

	Vatn*	Avløp*	Slam	Renovasjon hushald	Renovasjon næring	Sum
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Kommunale årsgebyr	36 415 757	31 101 626	2 985 066	20 482 952	3 346 434	94 331 835
Tilknytingsgebyr	4 179 562	2 850 289	0	0	0	7 029 851
Andre inntekter	290 832	268 237	66 681	5 779 553	549 422	6 954 725
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>40 886 151</b>	<b>34 220 151</b>	<b>3 051 747</b>	<b>26 262 505</b>	<b>3 895 856</b>	<b>108 316 411</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>						
Varekostnader	2 627 230	1 133 132	1 345 702	16 933 470	2 252 339	24 291 873
Løns- og personalkostnader	7 214 434	6 334 160	819 807	5 287 491	927 375	20 583 267
Avskrivning	8 795 314	7 071 234	170 271	1 493 708	81 610	17 612 137
Energikostnader	1 005 534	521 388	3 474	33 832	3 508	1 567 736
Andre driftskostnader	21 457 803	10 653 866	220 287	2 957 641	312 145	35 601 742
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>41 100 315</b>	<b>25 713 780</b>	<b>2 559 541</b>	<b>26 706 142</b>	<b>3 576 977</b>	<b>99 656 755</b>
<b>FINANSPOSTAR</b>						
Finansinntekter	892 926	885 299	16 778	56 434	1 525	1 852 962
Finanskostnader	10 419 250	5 049 264	12 467	213 583	45 584	15 740 148
Netto finansposter	9 526 324	4 163 965	-4 311	157 149	44 059	13 887 188
<b>Årets resultat</b>	<b>-9 740 488</b>	<b>4 342 408</b>	<b>496 517</b>	<b>-600 787</b>	<b>274 820</b>	<b>-5 227 530</b>

\*) Ved ein inkurie er det i 2014 og 2015 blitt balanseført driftskostnader som i 2016 er korrigerert direkte mot sjølvkostfonda vatn og avløp. Oppstillinga ovanfor er vist slik resultatet har utvikla seg dersom endringane hadde blitt gjort i riktig år.

**NOTE 6** Varige driftsmiddel

	Tomter	Anlegg i drift, bygningar og annan eigedom	Anlegg under utbygging	Inventar, utstyr, kontormaskiner, transportmiddel m.m.	Sum
Anskaffingskost 01.01.16	3 145 689	474 147 244	19 212 443	13 127 221	509 632 597
Tilgang i året	1 147 662	0	62 572 047	966 346	64 686 055
Overføring	0	52 303 945	-52 303 945	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.	4 293 351	526 451 189	29 480 545	14 093 567	574 318 652
Akk. av- og nedskrivning 01.01.	0	-126 767 863	-117 095	-9 615 959	-136 500 917
Årets ordinære avskrivning	0	-14 210 350	0	-1 244 560	-15 454 910
Akk. av- og nedskrivning 31.12.	0	-140 978 213	-117 095	-10 860 519	-151 955 827
Bokført verdi pr. 31.12.16	4 293 351	385 472 976	29 363 450	3 233 049	422 362 826
Bokført verdi pr. 01.01.16	3 145 689	347 379 381	19 095 348	3 511 263	373 131 681
Økonomisk levetid		20 - 40 år		3 - 5 år	
Avskrivningsplan		Lineær		Lineær	

**NOTE 7** Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt

	2016	2015
Kommunal Landspensjonskasse	477 636 344	333 759 168
<b>Sum</b>	<b>477 636 344</b>	<b>333 759 168</b>

FjellIVAR sine lån er tekne opp som serielån med resterande tid 30 - 40 år. Dei er dessutan fullt ut sikra med sjølvskuldarnarkausjon frå Fjell kommune.

Selskapet har inngått avtale om rentesikring for delar av sine lån. Rentesikringa er eit ledd i selskapet sitt ønske om føreseielege rentebetalningar for å hindre store resultatutslag som følgje av rentesvingingar, og for å redusere risikoen knytt til låna.

Estimert negativ marknadsverdi av rentesikringsavtalen pr. 31.12.2016 er vist nedanfor.

	Handelsdato	Betal/ ta imot - kurs	Hovudstol	Forfallsdato	Marknadsverdi 31.12.2016
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 1,10 %	66 000 000	08.04.2019	1 692 038
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,60 %	66 000 000	08.04.2019	-7 037 936
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 1,10 %	52 800 000	08.04.2024	4 513 440
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,97 %	52 800 000	08.04.2024	-14 840 381
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 1,07 %	81 769 944	31.12.2030	11 487 791
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,79 %	81 769 944	31.12.2030	-31 275 991
<b>Sum</b>					<b>-35 461 039</b>

**NOTE 8** Pantegarantiar

Eigaren av selskapet, Fjell kommune, har gjennom kommunestyrevedtak stilt kommunal garanti for låneopptak på kr 588 684 700, der restlån pr. 31.12.16 er kr 568 250 464.

FjellIVAR betalte i 2016 ei sjølvskuldarnarkausjonsrente til Fjell kommune på kr 1 000 000.

Selskapet har i tillegg inngått avtale om kassakreditt på kr 10 millionar i Danske Bank. Som sikkerheit for kassakreditten er det stilt flåtepant på 20 millionar, factoringpant på kr 20 millionar samt drifts-tilbehør på kr 20 millionar. Kassakreditten er unytta pr. 31.12.2016.

**NOTE 9** Mellomvære med Fjell kommune

	2016	2015
<b>KUNDEFORDRINGAR</b>		
Fjell kommune	21 064	4 779
<b>LEVERANDØRGJELD</b>		
Fjell kommune	1 076 075	349 375
<b>ANNA KORTSIKTIG GJELD</b>		
Fjell kommune	0	12 140
<b>TENESTEKJØP</b>		
Fjell kommune	1 134 782	1 099 067
<b>GARANTIKOSTNAD KLASSIFISERT SOM RENTEKOSTNAD</b>		
Fjell kommune	1 000 000	1 000 000

**NOTE 10** Kundefordringar

	2016	2015
Kundefordringar	5 314 487	5 684 764
En bloc-avsetjing for forventta tap	-196 802	-113 695
<b>Sum</b>	<b>5 117 685</b>	<b>5 571 069</b>

**NOTE 11** Avsetjing for forpliktingar og anna kortsiktig gjeld

	2016	2015
Skuldig løn og feriepengar	1 710 340	1 694 997
Påkomne renter	1 690 758	1 109 497
Andre påløpte kostnader	2 898 101	5 685 614
<b>Sum</b>	<b>6 299 198</b>	<b>8 490 108</b>

**NOTE 12** Skatt

Verksemda har i hovudsak skattefritak (sjå rekneskapsprinsipp om skatt i note 1). Skattepliktig resultat er berre resultat for den skattepliktige delen av verksemda. Det er derfor ikkje direkte samsvar mellom ordinært resultat i rekneskapan og i skattenoten.

**ÅRETS SKATTEKOSTNAD**

	2016	2015
Skatt til betaling	0	6 691
Årets totale skattekostnad	0	6 691

**BEREKNING AV ÅRETS SKATTEGRUNNLAG**

Ordinert resultat før skattekostnad	58 253	274 818
Permanente forskjellar	-99 751	397
Endring i midlertidige forskjellar	23 925	52 880
Bruk av framførbart underskot	0	-303 313
Årets skattegrunnlag	-17 573	24 782
Skatt til betaling (25 %) av årets skattegrunnlag	0	6 691

**OVERSIKT OVER MIDLERTIDIGE FORSKJELLAR**

Driftsmiddel inkl. goodwill	0	4 742
Netto pensjonsforpliktning ført i balansen	-288 419	-276 562
Sum	-288 419	-271 820
Akkumulert framførbart underskot	-17 573	0
Netto midlertidige forskjellar pr. 31.12.16	-305 992	-271 820

Utsett skattefordel	-73 438	-67 955
---------------------	---------	---------

Utsett skattefordel er ikkje balanseført.

**NOTE 13** Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.16	10 000 000	2 680 979	12 680 979
Årsresultat renovasjon næring	0	58 253	58 253
Eigenkapital pr. 31.12.16	10 000 000	2 739 232	12 739 232

**NOTE 14** Aksjekapital og aksjonærinformasjon**AKSJEKAPITALEN BESTÅR AV**

	Tal	Pålydande	Balanseført
Ordinære aksjar	10 000	1 000 kr	10 000 000

**AKSJONÆREN I SELSKAPET PR. 31.12.16**

	Ordinære aksjer	Eigarpart	Røystandel
Fjell kommune	10 000	100 %	100 %



**NOTE 15** Sjølvkostrekneskap

FjellVAR AS fører sin selskapsrekneskap etter lov om årsregnskap m.v. Grunnlaget for sjølvkostkalkylane til FjellVAR vil vere rekneskapsførte inntekter og kostnader ifølgje reglane i rekneskapslova. Etterkalkylen er basert på eit samandrag av rekneskapsuttrekk frå selskapsrekneskapen. Kalkylen inkluderer også eventuelle forskjellar i periodisering samt årets finansielle resultat. Men forskjellar skal tilbakeførast over 5 år. Det blir også spesifisert samanheng mellom rekneskap og etterkalkyle.

Selskapet nyttar reelle renter i berekning av sjølvkost, med unntak av avdeling Renovasjon, der det er nytta kalkylerente. Bruk av kalkylerente i staden for faktisk rente kan skape problem, fordi det over tid blir ulik rente mellom sjølvkostrekneskapen og rekneskapen ifølgje reglane i rekneskapslova.

**GEBYRREKNEKAP**

2016	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	Sum
Gebyrinntekter	42 182 734	35 715 603	3 194 783	25 819 416	106 912 536
Direkte driftskostnader	19 084 703	19 929 873	2 848 856	23 883 198	65 746 630
Indirekte driftskostnader	2 230 424	1 680 844	383 710	1 795 344	6 090 322
Avskrivinger	9 042 741	4 691 171	15 544	1 625 815	15 375 271
Netto rentekostnad	8 246 845	4 163 121	-15 295	90 783	12 485 453
<b>Sum</b>	<b>3 578 021</b>	<b>5 250 595</b>	<b>-38 032</b>	<b>-1 575 723</b>	<b>7 214 861</b>

Dekningsbidrag for gebyrinntekter	109 %	117 %	99 %	94 %	107 %
-----------------------------------	-------	-------	------	------	-------

2015*	Vatn*	Avløp*	Slam	Renovasjon	Sum
Gebyrinntekter	40 886 151	34 220 151	3 051 747	26 262 505	104 420 554
Direkte driftskostnader	30 717 356	16 947 207	2 242 641	23 810 067	73 717 271
Indirekte driftskostnader	1 587 645	1 695 337	146 629	1 402 366	4 831 977
Avskrivinger	8 795 314	7 071 234	170 271	1 493 708	17 530 527
Netto rentekostnad	9 526 324	4 163 965	-4 311	157 149	13 843 127
<b>Sum</b>	<b>- 9 740 488</b>	<b>4 342 408</b>	<b>496 517</b>	<b>- 600 785</b>	<b>- 5 502 348</b>

Dekningsbidrag for gebyrinntekter	81 %	115 %	119 %	98 %	95 %
-----------------------------------	------	-------	-------	------	------

2014*	Vatn*	Avløp*	Slam	Renovasjon	Sum
Gebyrinntekter	39 588 933	32 055 186	2 630 030	24 813 974	99 088 123
Driftskostnader	26 598 974	14 752 149	2 305 978	23 841 303	67 498 404
Avskrivinger	6 931 137	6 767 887	151 260	1 328 531	15 178 815
Netto rentekostnad	9 916 732	5 021 194	13 783	563 382	15 515 091
<b>Sum</b>	<b>- 3 857 910</b>	<b>5 513 957</b>	<b>159 009</b>	<b>- 919 243</b>	<b>895 813</b>

Dekningsbidrag for gebyrinntekter	91 %	121 %	106 %	96 %	101 %
-----------------------------------	------	-------	-------	------	-------

\*) Ved ein inkurie er det i 2014 og 2015 blitt balanseført driftskostnader som i 2016 er korrigerert direkte mot sjølvkostfonda vatn og avløp. Oppstillinga ovanfor er vist slik sjølvkostresultatet har utvikla seg dersom endringane hadde blitt gjort i riktig år.

**HISTORISK UTVIKLING AV SJØLVKOSTFOND SISTE 5 ÅR**

2016	Balanse 31.12.15	Endring IB* 01.01.2016	Resultat 2016	Balanse 31.12.16
Vatn	- 1 775 862	- 997 009	3 578 023	805 148
Avløp	11 816 928	- 2 076 268	5 250 595	14 991 254
Slam	- 172 064		- 38 032	- 210 096
Renovasjon	3 382 437		- 1 575 723	1 806 714
<b>Sum</b>	<b>13 251 439</b>	<b>- 3 073 277</b>	<b>7 214 861</b>	<b>17 393 020</b>

2015	Balanse 31.12.14	Endring IB* 01.01.2015	Resultat 2015	Balanse 31.12.15
Vatn	7 537 085	- 569 468	- 8 743 479	- 1 775 862
Avløp	6 452 940	- 1 054 688	6 418 676	11 816 928
Slam	- 668 581		496 517	- 172 064
Renovasjon	3 983 222		- 600 785	3 382 437
<b>Sum</b>	<b>17 304 666</b>	<b>- 1 624 156</b>	<b>- 2 429 071</b>	<b>13 251 439</b>

2014	Balanse 31.12.13	Endring IB* 01.01.2014	Resultat 2014	Balanse 31.12.14
Vatn	9 969 930	855 596	- 3 288 442	7 537 085
Avløp	- 786 307	670 602	6 568 645	6 452 940
Slam	- 896 963	69 373	159 009	- 668 581
Renovasjon	4 254 987	647 478	- 919 243	3 983 222
<b>Sum</b>	<b>12 541 647</b>	<b>2 243 049</b>	<b>2 519 969</b>	<b>17 304 666</b>

2013	Balanse 31.12.12	Endring IB 01.01.2013	Resultat 2013	Balanse 31.12.13
Vatn	7 344 386		2 625 543	9 969 930
Avløp	- 2 990 866		2 204 559	- 786 307
Slam	- 514 781		- 382 182	- 896 963
Renovasjon	4 217 018		37 969	4 254 987
<b>Sum</b>	<b>8 055 757</b>		<b>4 485 889</b>	<b>12 541 647</b>

2012	Balanse 31.12.11	Endring prinsipp* 01.01.2012	Resultat 2012	Balanse 31.12.12
Vatn	5 716 604	- 2 555 965	4 183 747	7 344 386
Avløp	1 686 032	- 2 190 827	- 2 486 071	- 2 990 866
Slam	281 026	- 219 083	- 576 724	- 514 781
Renovasjon	5 160 058	- 2 336 882	1 393 842	4 217 018
<b>Sum</b>	<b>12 843 720</b>	<b>- 7 302 756</b>	<b>2 514 794</b>	<b>8 055 758</b>

\*) Ved ein inkurie er det i 2014 og 2015 blitt balanseført driftskostnader som i 2016 er korrigerert direkte mot sjølvkostfonda vatn og avløp. Endringar i IB 2014 og 2012 skuldast endring i rekneskapsprinsipp vedr. pensjon i 2012 og verknad av levealderjustering pensjon i 2014.

# REVISORS BERETNING



BDO AS  
O.J. Brochs gate 16A  
Postboks 2760 Møhlenpris  
5836 Bergen O.J. Brochs gate 16A  
Postboks 2760 Møhlenpris  
5836 Bergen

## Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Fjell Vatn, Avløp og Renovasjon AS

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Fjell Vatn, Avløp og Renovasjon AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysingar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysingane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysingar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.



- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysingane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

#### Utsegn om andre lovmessige krav

##### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysingar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen 28. april 2017  
BDO AS

*Charlotte Bårdsen*

Charlotte Bårdsen  
Statsautorisert revisor



#### STYRET

I 2016 har styret vore samansett som følgjer:

STYREMEDLEMMAR	VARAMEDLEMMAR
Ole Gerhard Fredheim (leiar)	Ranveig Frøiland
Elna Nybakk	Odd Ivar Ølnes
Reidun Brekke	Bjørn Rathem
Henning Lundekvam	Eli Årdal Berland
Lars Oskar Lie	Vidar Moen
Tonje Tangen Alvsvåg	Jan Erik Andresen
Cato Dahle (for dei tilsette)	Glenn Rolland

Styret har i laupet av 2016 gjennomført seks styremøte.

#### REVISJON

BDO AS  
Postboks 2760 Møhlenpris  
5836 Bergen

#### BEDRIFTSLEIING

Bjarne Ulvestad	dagleg leiar
Stig Hagenes	fagsjef vatn og avløp
Espen Elstad	fagsjef renovasjon
Helen Spilde	kontor- og personaleleiar



Fjell vatn, avløp og renovasjon AS  
Lonavegen 20, 5353 Straume  
Tlf.: 56 31 59 30 - E-post: [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as)  
Org. nr. 985 345 899

[www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as)